



Dansen i båthamna i fjor (biletet) gav båtlaget 50.000 i kassa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret i Uskedal Båtlag hadde forslag for årsmøtet tysdag kveld om at den tradisjonelle dansen i hamna skulle avviklast laurdag 28. juni i år. Men dansen blir etter vedtak i årsmøtet ei veke tidlegare – den 21. juni - og må difor kunne kallast Sankthans-dans.

Flyttinga skjer fordi Dønhaug Gjestegard har to konsertar 28. juni - med Jonas Fjeld og Henning Kvitnes. Ein slik "stemnekollisjon" er ikkje akseptabel, den vil begge tapa på.

- Eg har inngått kontrakt med dei for eit halvt år sidan og må ut med 150.000-200.000 kroner hvis eg avlyser, fortalde Magne Huglen til årsmøtet.

Han viste til at båtlaget tilegare har hatt dansearrangementet i juli og meinte det ideelle var slike arrangement med to veker mellomrom. Difor trudde han at heller ikkje 21. juni var nokon god dato, fordi det då vil bli dans kvar helg i ein periode. Sjølv skal han nemleg ha eit arrangement også 14. juni.

Båtlaget har engasjert EDO også dette året. Det har vore dans i hamna fire gonger før og i fjor vart det ein netto på nærare 50.000 kroner for båtlaget etter at det kom 400 danseglade laurdag den 30. juni..

Første laurdag i juli var ikkje noko fristande alternativ, for då er den store dansegallaen i Seljord og dit vil nok mange frå Uskedalen også dette året. Med eit arrangement på denne dagen vil det truleg bli problem med å skaffa dei 20-30 vaktene som må til i båthamna.

Det vart opplyst under årsmøtet at båtlaget har ei avtale med EDO som går ut på at dei får 60 prosent og båtlaget 40 prosent av billettinntektene.

Av Ola Matti Mathisen